


KOMMENTARAR OG FORVENTINGAR FRÅ SVEIO KOMMUNE TIL STATENS VEGVESEN
(sendt Statens vegvesen 12.02.2018 i samband med intern vurdering av planforslaget)

1. Gang- og sykkelveg

Vi ser at det ikkje er gang- og sykkelveg etter toplanskrysset, vidare på fv. 47. Det er berre vist g/s-veg opp mot og langs Fv 541. Vi kan ikkje føresetja at dei som skal frå Ekrene til Sveio sentrum går eller sykklar via Vågedalen, som er 600 meter lengre på ein betydeleg mindre trafikkisikker strekning. I tillegg ligg det nokre bustader rett utanfor plangrensa vidare mot nord. Dei vil ikkje få tilgang til g/s-veg mot sør. Det er vist eit større offentleg område nord for krysset mot fv. 541. Dette område bør òg ha tilgang til g/s-veg i framtida.

Kva er grunngjevinga for at denne korte strekninga ikkje er vist med gang- og sykkelveg?

Vi meiner såleis at det må visast g/s-veg langs fv. 47, heilt til plangrensa i nordaust.



2. Arealføremål i eksisterande reguleringsplanar

I plankartet R010 (kryssløysinga for Ekrene) visast arealføremål for Ekrene næringsområde som kombinert bebyggelse og anleggsformål. Kvifor har ein ikkje i plankartet lagt inn dei same føremåla som ligg i gjeldande reguleringsplan – forretning/kontor/lager og bensinstasjon? Ein viser i føresegnene til at det er føresegnene i gjeldande planar som skal gjelda men ein sei ikkje noko om at det eldre plankartet òg skal gjelda. Føresegner er jo linka direkte til eit plankart. Med nytt plankart vil ikkje eldre føresegner vera gjeldande. Det står ikkje i føresegnene noko om kva tiltak (føremål) ein kan opna for i dette kombinerte arealet. Vil det vera ein risiko for at plankartet i ny reguleringsplan vil gå framfor gjeldande planføreseger for Ekrene næringspark fordi det er motstrid mellom plankartet og føresegnene i den nye planen? Slik eg tolkar det meiner de at nytt plankart skal gjelda men at føresegnene frå gammal plan fortsett skal gjelda. Kan ein bruka gamle føresegner til nye kart som ikkje spesifiserer kva konkret arealføremål det skal vera (kombinert bebyggelse og anleggsføremål er veldig overgripande).

Arealføremåla frå gjeldande planar må fortsett gjelda i ny plan.

3. Byggjegrense

Slik eg måler det så ser det ut å vera om lag 50 m byggjegrense til næringsområdet frå ny vegmidt. I dag ligg allereie to næringsbygningar i næringsområdet på om lag 30 m frå dagens vegmidt. Dersom ein skal praktisera same byggjegrense som i dag bør ikkje byggjegrense i ny plan vera lengre. Kva er

argumentasjonen for å ha så lang byggjegrense? Med bakgrunn i dei tomter som frådelt og selde langs fylkesvegen er det viktig at ein revurderer byggjegrensa i plankart og føresegner

4. Overvatn

Er det gjort vurderingar i forhold til overvatn ved Ekrene elva ved Rophus som vert flauma over jamleg på eksisterande fylkesveg? I rapporten om overvatn visast det på s. 11, kap. 3 til 7 feltnavn. Dette er ikkje omtala i teksten med konkret plassering og det er ikkje vist i kart. Er Ekrene omtala i noko av desse felta?

Overvatnhandtering er ikkje omtala i føresegnene men bør kanskje vera med som rekkjefølgjekrav dersom rapporten om overvatn viser til behov for avbøtande tiltak for nokre av områda.

3 Resultater

Resultatene av beregningene er vedlagt denne rapporten. Viser også til G-tegningene for henvisning til feltnavn.

I tabellen under er de viktigste verdiene gjengitt:

Tabell 3-1: Oppsummering av overvannsberegningene. Grønn farge indikerer det ikke er behov for ytterligere fordrøyningsiltak utover veggroften. Rød farge indikerer at det er behov for ytterligere fordrøyningsiltak.

Feltnavn	Avrenning før tiltak	Avrenning etter tiltak	Tilgjengelig volum i greft	Utslipp til resipient	Overskytende avrenning
B1	44 l/s	190 l/s	291 m ³	31 l/s	-
B2	55 l/s	367 l/s	919 m ³	51 l/s	-
B3	68 l/s	451 l/s	464 m ³	190 l/s	127 l/s
B4	98 l/s	201 l/s	206 m ³	48 l/s	8 l/s
B5	52 l/s	222 l/s	459 m ³	40 l/s	-
B6	136 l/s	709 l/s	586 m ³	145 l/s	189 l/s
B7	60 l/s	209 l/s	254 m ³	41 l/s	-

I følge beregningene vil veggroftene til felt B1, B2, B5 og B7 ha tilstrekkelig kapasitet til å håndtere fremtidig avrenning uten behov for ytterligere tiltak. Utslipet til resipienten vil dermed være lavere etter at den nye vegen er bygget enn det er i dag.

Samtidig ser man at felt B3, B4 og B6 vil ha høyere utslipp til resipientene enn dagens avrenning.

5. Tilkomst til Ekrene Vest

Det er ikkje vist tilkomst frå toplanskrysset/tilkomstveg til fv. 541 til byggeområde på Ekrene Vest. Cowi har utarbeida forslag til påkopling til toplanskrysset i områdereguleringa for Ekrene Vest. Dette må leggjast inn i planen.

6. Føresegner/bestemmelser

Punkt 4.3 i føresegnene indikerer at nytt plankart skal gjelda men med gamle føresegner. Det er ei uheldig løysing. Plankart og føresegner må høyra saman.

Punkt 5.1

Det bør stå at kommunen skal godkjenna teknisk plan før tiltak vert sett i verk for å sikra at det er samsvar mellom dei kommunale tekniske planane for infrastrukturen og dei som vert utarbeida for vegen. Det kan mellom anna vera aktuelt å leggja røyr eller leidningar saman med vegareala.

Punkt 5.9 bør ha eit punkt som sikrar at det vert lagt til rette for elbilparkering for alle parkeringsplassar (alle må kanskje ikkje byggjast men i det minste det liggja til rette for den dagen det er behov for slike løysingar).

7. Gjeldande fylkesveg

Eg har ikkje sett at det står nokon plass kva som skal skje med gjeldande fylkesveg. Kva er planane der og er det noko i den samanheng som bør avklarast før planen blir godkjent?

8. Diverse

Punkt 9.1 c har lite å gjera med «Midlertidig anlegg- og riggområde». Det bør gjelda for heile planområdet og ikkje berre for dette området. Punkt c bør kanskje flyttast til «Felles bestemmelser»

Punkt 8.2 om faresoner. Her bør ein kanskje spesifisera kva føringar som skal gjelda for faresonen. Det bør kanskje framkoma at leidningane må leggjast i bakken i samband med tiltak. Vil kraftselskapet stilla krav om omlegging av leidningar slik at dei ikkje vert liggjande under vegareal?